


Turstiar i Hjelmeland



www.hjelmeland.kommune.no



Utsikt frå Sandsåsen mot Hjelmelandsvågen og Jøsenfjorden. (Foto: Anne Kari Skogerbø)



Raunstølsvatnet. (Foto: Anne Kari Skogerbø)

- Parkering
- Informasjonsskilt
- Matsservering
- Drikkevatt
- Utkikkspunkt
- Attraksjon
- Lysløype

Pundsnes - Bjødabu

Sandsåsen er porten til ein flott fjelltur frå Hjelmeland sentrum. Traseen startar ved enden av det kommunale industriområdet på Pundsnes. Vegen til startpunktet for turen til Sandsåsen tek av ved bensinstasjonen på Pundsnes. Mellom Pundsnes og Sandsåsen har Hjelmeland helselag fleire år lagt ut turpostar med bok til å skriva namnet i.

Heile den gamle driftevegen mellom Bjødabu og Pundsnes over Sandsåsen vert likevel lettast å gå om du startar i øvre enden - på Bjødabu. Her har hjelmelandsbønder dyrka store areal, og kommunen har i samarbeid med Hjelmeland idrettslag opparbeidd lysløype for vinterbruk. Den gamle kommunegrensa mellom Årdal og Hjelmeland går like sør for Forevatnet.

Driftavegen er framleis i bruk. Her vert sauer jaga til heis på forsommaren, og heim utpå hausten. Stien har fleire "vegdele" undervegs, med umerka løyper til Måmyra, Gjesfjell, Byrkja og Tuntland. Hugs å lukka grindar kor enn du vel å gå!

Vatn frå Valavatnet er nytta i eit kombinert vassverk og kraftverk gjennom eit samarbeid mellom Hjelmeland kommune og Lyse Energi.

Kjør frå Hjelmeland sentrum mot Vormedalen. Avkjørsla er skilta til Husstøl og Bjødabu. Turen frå Pundsnes til Sandsåsen og ned att tek 1-2 timar. Ein tur frå Bjødabu til Pundsnes tek 3-4 timar. Turen eignar seg ikkje som rundløype eller tur/retur-løype. Høgdeskilnad: Ca. 350 m.



Skogens konge. (Foto: Anne Kari Skogerbø)